


Oppgåve – alternativ 1

Marin forøpling som oppstår til havs - haldningskampanje

Tabellen under viser dei 10 hyppigaste funna frå strandrydding, både på verdbasis og i Noreg. På verdsbasis er dei hyppigaste funna knytt til forbrukarvarer, som emballasje frå matvarer, drikkeflasker og sigarettstumpar. Det vert hevda at på verdsbasis har heile 80% av den marine forøplinga opphav i aktivitet på land.

I Noreg, og andre område rundt Nordsjøen, ser ein at ein større del av marin forøpling er knytt til aktivitet til havs. Mellom dei 10 hyppigaste funna i Noreg er tauverk, isopor og pakkeband. Dette er avfall som kan vere knytt til aktivitet til havs, som t.d. fiskeri. Andre aktiviteter til havs kan vere petroleumsindustri, skipstrafikk, havbruk og fritidsaktiviteter.



FUNN FRÅ STRANDRYDDING		
	Verdsbasis 2015	Noreg 2016
1	Sigarettstumpar	Udefinerbar plastbit
2	Drikkeflaske, plast	Tau < 50cm
3	Matemballasje	Drikkeflaske
4	Flaskekork, plast	Isopor
5	Sugerør, rørepinnar	Store tau
6	Andre plastposer	Pakkeband/strips
7	Drikkeflaske, glas	Korkar
8	Handleposar	Husholdningsflasker
9	Flaskekork, metall	Bomullspinnar
10	Plastlokk	Plastposer

To grunnar til at ein gjer annleis funn i Noreg er at vi har ein stor aktivitet til havs, samstundes som vi har gode ordningar for å ta hand om hushaldsavfall på land.

Forskarar peiker på at noko av det viktigaste ein kan gjere er å dele kunnskap om marin forøpling, gjere folk bevisste på konsekvensane av vala dei gjer og skape betre haldningar.

Lag ei haldningskampanje som skal bidra til at det oppstår mindre marin forøpling frå aktivitet til havs.

Ting som kan vere lurt å tenke over:
Kven skal kampanjen rettast mot?
Kva vil de oppnå med kampanjen?
Korleis skal budskapet kome fram til målgruppa?

Kjelde: <http://www.oceanconservancy.org> og Hold Norge rent



Oppgave – alternativ 2


Design som gjev mindre (plast)avfall

Å lage mindre avfall er det viktigaste prinsippet i avfallspyramiden. Mindre avfall betyr mindre belastning på miljøet gjennom avfallshandtering, og mindre bruk av ressursar på avfall. I samband med å produsere mindre avfall er eit effektivt tiltak å lage produkt som kan brukast lenge, reparerast framfor å kastast og der produktet enkelt kan brukast om til noko anna når det har utført sin funksjon.

I 2015 vart det produsert 322 millionar tonn plast i verda, i følgje Plastics Europe. Ein reknar med at halvparten av denne plasten vert brukt til å lage produkt som berre skal brukast ein gong, som t.d. emballasje, rundballplast, ein gongs bestikk og drikkebeget. Berre 20-25 % av all plast er forventa å ha ei lang levetid, som t.d. vassrør.

At plast førekjem i så store mengder til ein gongs føremål, er med på å bidra til at plast endar i havet. Dette er ei miljøbelastning som kjem i tillegg til dei belastningane som kjem frå produksjon av plast. Plast er eit materiele som er relativt billig både å bruke og å transportere. Dette gjer at ein kan bruke mykje av det til ein relativt lav kostnad.

Velg eit av produkta under. Desse er i dag i hovudsak vert laga i plast, har ei avgrensa levetid og vert levert som restavfall til forbrenning. Design eit produkt med tilsvarande funksjon med mindre plast. Lag ein plan for korleis dei ulike delane av produktet kan brukast om eller gjenvinnast. Målet er eit produkt med lengre levetid, der delar av produktet kan brukast til andre ting og som er lett å kjeldesortere til den dagen det ikkje lenger kan brukast.



Bilete er henta frå: www.og.no



Oppgave – alternativ 3

Ide til korleis ein kan samle inn plast i land utan avfallssystem

Heile 50% av menneska i verda manglar tilgang til eit system for avfallshandtering, i følge FN/UNEP i 2013. Det betyr at ein ikkje har anna val enn å legge frå seg avfallet sitt ute, kaste det i elva eller på sjøen. Dette fører til problem med ureining. Særskilt i område med stor folketettleik og aukande forbruk. Biletet under viser korleis plast samlar seg i kystnære område og ved utløpet av elver. Dette er ein stor kjelde til marin forsøpling.



Biletet er henta frå: http://thegreentimes.co.za/wp-content/uploads/2013/06/marine_debris_garbage_patch_boy.jpg

Utprøving av ordningar fleire stadar i verda viser at folk har stor evne til å plukke og sortere avfall om det finst økonomiske insentiv for det. Lag ei ordning som får folk til å samle inn plastavfall eller særskilte typar av plastavfall i område utan avfallssystem. Ordninga må vere tilpassa dei tilhøva ein kan forvente å finne i delar av verda som manglar avfallssystem som: avgrensa tilgang til køyrety og at ein ikkje kan ta inn avgift frå innbyggjarane.

Ting som kan vere lurt å tenke over:

Skal ein samle inn alle typar plastavfall?

Kven skal samle inn plasten?

Kva skal motivere ein til å samle plast?

Kva skal skje med plasten når den er samla inn?

Korleis skal ein få dekka eventuelle utgifter?